



Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Torgarden  
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Vi tilrår vern av Lykkja som naturreservat i Årdal kommune i Vestland

Statsforvaltaren i Vestland tilrår frivillig skogvern av Lykkja i Årdal kommune. Lokaliteten er ein del av eit større, typisk edellauvskogsmiljø i fjordliene og ligg eit steinkast frå Utladalen landskapsvernområde. Området er i hovudsak bratt og består av ein del lausmassar og skredmark. Det er også små bekkedrag og eit fuktig areal i nedre delar som består av gråor-heggeskog. I edellauvskogen er det frodig med lågurt- og høgstaudepreg. Det er registrert fleire interessante artar knytt til edellauvskogen, mellom anna seks raudlista artar, der dei fleste treng gamal alm for å overleve.

Det registrerte kjerneområdet i Lykkja inneheld den varmekjære skogtypen gråor-almeskog, som inngår i den raudlista naturtypen frisk rik edellauvskog. Gråor-almeskog er ein mangelnaturtype og er dårleg dekt av vern i Vestland. Tilbodseigedommen 11/5 oppnår i Miljøfaglig Utredning (MFU) sin rapport ei høg mangeloppfylling på naturtypen gråor-almeskog, og vil såleis bidra til å dekke manglar i skogvernet i Vestland fylke.

Det er ikkje registrert framande artar. Statsforvaltaren vurderer Lykkja til å ha vernekvalitetar på nivå B (regional verdi med 2, kanskje 3 stjerner). Ved å verne gråor-almeskog oppnår vi høg oppfylling på mangelnaturtypar. Området vil også kunne tene som referanse- og forskingsområde for påverknaden av fluor- og luftureininga frå industrien i Årdal.

Det tilrådde verneområdet Lykkja er lokalisert gards- og bruksnummer 11/5, 11/1, 11/4 og 11/3 i Årdal kommune. Arealet er eigd av ein privat grunneigar og Årdal kommune, og har ein storleik på 1685 dekar skog.

### Heimelsgrunnlag

Vi tilrår at Lykkja blir verna i medhald av naturmangfaldlova. I lova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar i §§ 35 til 39. Generelle mål for områdevern følger av naturmangfaldlova § 33. Føremålet med det enkelte verneområdet må bli skildra konkret og bli knytt opp mot forskrifta som gjeld den enkelte vernekategori i §§ 36 og 37. Naturreservat er den strengaste forma for vern etter naturmangfaldlova.



Oppretting av Lykkja som naturreservat blir vedteke av Kongen i statsråd etter naturmangfaldlova § 37 a: *Som naturreservat kan vernes områder som a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur (...) I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet. (...)*



*Figur 1 Alm er eit tre som står på den norske rødlista, det betyr at den er truga. Almen er levestad for mange artar av insekt, lav og sopp, slik ein ser spor av på dette gamle, døande treet i Lykkja. Det er meir liv i eit dødt tre enn eit levande, men vi treng tre i alle livsfasar for å sikre naturmangfaldet. Seks av ti landlevande artar i Noreg treng skog for å overleve. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm.*

## Saksbehandling

Lykkja (registrert under namnet Svalheim) vart første gang registrert i Naturbase som naturtypen rik edellauvskog med verdi B (viktig) av Siri W. Bøtun i 2002. Etter at grunneigar på Lykkja (gards- og bruksnummer 11/5) tilbydde staten arealet til skogvern vart eigedommen kartlagt meir grundig. Det var Miljøfaglig Utredning (MFU) som kartla dåverande tilbodsareal i 2019 etter prosedyren for frivillig vern. Etter at MFU avslutta si kartlegging tilbydde også kommunen areal til vern. Arealet vart om lag tredobla i storleik etter at kommunen også signerte tilbods brevet. Statsforvaltaren vurderte at det ikkje var naudsynt med ei ny biologisk kartlegging av omsyn til progresjon i saka, statleg ressursbruk, samt at vi var på synfaring i området og vurderte det kommunale arealet nordover frå 11/5 til å ha liknande eigenskapar som arealet MFU kartla.

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring	Tilråding
Lykkja	30.01.2019 22.03.2020	09.04.2021	06.05.2021	04.08.2021

I tillegg til utsending av oppstarts - og høyringsdokument direkte til aktuelle høyringsinstansar, er både oppstart og høyring kunngjort i Sogn Avis og Porten, i tillegg til nettstaden til Statsforvaltaren i



Vestland. Det er AT Skog som har hatt dialogen med Fylkesmannen, seinare Statsforvaltaren, på vegner av dei to grunneigarane.

## Namn

Vi har nytta namnet *Lykkja naturreservat* i dialogen med grunneigarane, i tillegg til oppstart og høyring. Først etter at høyringa var lagt ut offentleg fekk vi tilrådd namnet *Svalheim naturreservat* frå Språkrådet. Vi går likevel vidare med namnet *Lykkja naturreservat*. Meir om dette under kapitlet Merknadar til verneforslaget.

## Brukarinteresser

Forskrifta opnar for skånsam beiting med beitedyr, samt utplassering av saltstein i samband med dyrehaldet. Forskrifta har også ei opning for å kunne vedlikehalde gjerde, og kunne søkje om oppsetting av nye gjerde dersom det er aktuelt i samband med husdyrhald. Dersom beitedyr blir sjuke eller skadde kan ein få frakta ut disse frå naturreservatet med motoriserte hjelpemiddel dersom det trengs. Det er ingen skogsbil- eller traktorveggar, og størstedelen av skogen er vanskeleg tilgjengeleg dersom skogbruk hadde vore eit aktuelt alternativ for grunneigarane.

Det er ikkje registrert kulturminne i området i offentlege databasar, men det utelukkar ikkje at det kan være kulturminne i området. Disse vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemynde. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området.

Det vil være mogeleg å drive jakt og frakte ut jaktutbyte med beltegåande terrengkøyretøy. Det meste av området er bratt og utilgjengeleg, men det er tursti vest frå garden Lykkja og opp mot Moakamben. Det er også merkt sti mot Åsen som kjem innom det føreslegne naturreservatet i sør. Disse er avmerkt på vernekartet. Det er opning i verneforskrifta for å brenne bål med nedfallskvist eller med medbragt ved. Vest for det tilrådde verneområdet ligg Moakamben med dagsturhytta i kommunen. Dette er eit populært friluftsområde.

Vi observerte ein del beiteskadar frå hjort i dei mest tilgjengelege delane av Lykkja, og det vart observert lite forynging av prefererte treslag i disse areala på synfaring i området. Hjortestamma har auka i Årdal (slik som i resten av landet) i fleire ti-år, og skaut fart særleg i perioden frå år 2000 til 2016 i Årdal. Med CWD i Nordfjella jobbar kommunen no med å halvere hjortestamma samanlikna med 2016-nivå. Det vil kunne være positivt på rekrutteringa av edle lauvtre.

Når det gjeld namn på verneområdet foreslo vi Lykkja etter garden som opphavleg låg sentralt i området før kommunen sitt areal vart inkludert. Grunneigarane har støtta namneforslaget, og Språkrådet kom ikkje med alternative tilrådingar før høyringsdokumentet allereie var utsendt.

## Arbeidet med verneplanen

Det har ikkje vore større grenseendringar i løpet av den formelle verneprosessen. Vi tilrår ein reduksjon på ein halv meter langs kraftlinjetraseen, slik at nettselskapet Årdal Energi Nett AS kan halde ved like rydebeltet på 11 meter som eksisterer i dag. Dette vil bli synleg i Naturbase, men ikkje på vernekartet i vedlegget.

Etter innspel frå nettselskapet har vi også inkludert standardformuleringar som gjeld nettanlegg. Sjå meir om dette i Merknadar til verneframlegget og i forskrifta som ligg vedlagt.

I forskrifta § 4 a har vi nytta formuleringa *Skånsam beiting* i tråd med standard formulering for frivillig skogvernomsråde, der det er fagleg grunnlag for å nytte denne formuleringa. Det er eit høgt



beitetrykk frå hjortedyr i området, og sjølv om hjortestamma er planlagt redusert på kort sikt grunna utbrotet av CWD i Nordfjella, er det fagleg grunnlag for å halde det totale beitetrykket på eit skånsamt nivå.

### **Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar**

Vi kan ikkje sjå at det er store utgifter knytt til tiltak ved vern av området. Forvaltningsmynde bør vurdere skjøtsel og overvaking både for rekruttering av nye almetre, reduksjon av beiteskadar på unge tre og for å vurdere varsam styving av gamle almetre. Vi har ikkje registrert at det er framande artar innanfor arealet.

Det vil vere eit ordinært oppsyn i området i regi av Statens naturoppsyn (SNO). Forvaltningsstyresmakta må sørge for tilgjengelege ressursar for administrasjon av området, til dømes ved handsaming av dispensasjonssaker og oppfølging av naturoppsynet.

I sakspapira som kommunestyret i Årdal fekk til drøfting og politisk vedtak den 25. mars 2021 vurderer skogbrukssjefen i kommunen at den ståande skogen på deira eigedom har liten verdi i dag. Arealet har potensielt liten lønsemd for skogsdrift, samt at området grunna jord/flaumskred og steinsprang gjev liten interesse for utbygging.

I vedtaket frå kommunestyret står det at *Årdal kommune krev at styret for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vert forvaltningsstyresmakt for området*. Det er dykk i Miljødirektoratet som har fått delegert styremakt frå Klima- og miljødepartementet til å oppnemne forvaltningsstyresmakt. Vi vil likevel tilrå at nasjonalparkstyret får delegert forvaltningsmynde for Lykkja som eit framtidig naturreservat.



*Figur 2 Beiteskadar frå hjort på yngre lauvtre. Figur 3 Denne gamle almen har spor etter styving. Det er påvist fire raudlisteartar i Lykkja som treng gamal alm for å overleve. Alma er ein varmekjær art som ikkje trivst kor som helst i fylket vårt. Begge foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm*



## Merknader til verneforslaget

Oppstart og høringsbrev for verneområdet er sendt til relevante sentrale og lokale partar, sjå adresseliste bak i dette brevet. I tillegg til utsending av oppstart - og høringsdokument direkte til aktuelle høringsinstansar, er både [oppstart](#) og [høyring](#) presentert på nettstaden til Statsforvaltaren i Vestland, og kunngjort i Sogn Avis og i Porten.

Oppstart vart meldt 9. april 2021 med frist 1. mai, og høyringa vart lagt ut den 6. mai 2021 med frist 1. juli. Det kom inn totalt 14 innspel til verneforslaget. Ingen av desse har vore kritiske til vern.

Språkrådet sendte innspel den 6. mai til oppstartsfasen av verneprosessen. Dei skriv at bruksnamnet *Lykkja* primært gjeld bruk nr 5 på gardsnummer 11 i Årdal. Garden heiter *Svalheim*, og dette gardsnamnet blir også nytta på bruk nr 1. Sidan den delen av verneområdet som ligg under bruket *Lykkja* utgjer mindre enn halvparten av det samla arealet, vil dei heller tilrå å nytte namnet *Svalheim* naturreservat på eit framtidig verneområde.

### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Sidan verneinitiativet kom frå grunneigaren i *Lykkja*, der arealet seinare vart utvida for å inkludere ein større del av edellauvskogskokaliteten, vart namnet *Lykkja* også vidareført i den vidare prosessen. Vi ser gode argument for å heller nytte *Svalheim naturreservat* framfor *Lykkja naturreservat*. Dersom innspelet frå Språkrådet hadde komme oss i hende før høyringa vart sendt ut, ville vi truleg ha føreslege ei namneending i tråd med Språkrådet sitt innspel. Fristen for innspel til oppstartsmeldinga vart sett til den 1. mai, og høyringa vart sendt ut fem dagar etter. Same dag høyringa vart sendt ut kom innspelet frå Språkrådet.

Vi ser at ein eventuell ny høringsrunde over to månader med eit nytt namn ikkje vil vege opp ulempene dette kan medføre ovanfor grunneigarane. Særleg første grunneigar i *Lykkja* som signerte tilbodet om frivillig skogvern allereie i 2019 ønskjer vi skal oppleve framgang i verneprosessen.

Namnet *Lykkja* har blitt brukt i redaksjonell omtale, både av lokal- og riksmidia, i samband med verneprosessen. Vi er trygge på at folk lokalt allereie har ei kopling mellom namnet og arealet.

Landbruksdirektoratet hadde generelle innspel til oppstarten. Dei bad om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høringsdokumentet greier ut kva landbruksinteresser det er i området. Dei går også ut i frå at landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

### *Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane, og at brukarinteressene har vore greidd ut i verneprosessen.

Norges vassdrags- og energidirektorat skriv i uttale datert den 21. april 2021 at, så langt dei kjenner til, er det ingen eksisterande konflikhtar mellom oppretting av verneområdet og interesser knytt til energi og vassdrag med eksisterande og planlagde energi- og nettanlegg, vasskraftverk, hydrologiske målestasjonar eller liknande. NVE skriv at det er bra at Årdal Energi Nett AS og Statnett SF er på høyringslista og oppmodar dei til å gje uttale i saka sjølv i tilfelle utan interessekonflikt. I uttale datert den 24. juni til høyringa blir dette gjenteke, men skriv at dei forventar at Årdal Energi Nett AS uttaler



seg, det same gjeld Statnett SF. NVE utfordrar dei to nettselskapa til å uttale seg sjølv i tilfelle utan konflikt.

Årdal Energi Nett AS sendte innspel datert 19.05.2021 i høyringsfasen. Dei skriv at dei har ei høgspenlinje i grenseområdet til Lykkja, og at denne har behov for skogrydding ca kvart femte år. Linja er i dag ei belagt linje med tilrådd trasébreidde på 11 meter. Vidare skriv dei at ved dagens straumforbruk i området er dette ei god nok ryddebreidde, men dersom forbruket aukar i framtida kan det bli behov for å auke tverrsnittet på linja. Dette vil innebere ei større faseavstand og ei mogleg overgang til blank tråd og dermed auka ryddebreidde. Årdal Energi Nett as ber om at det ikkje vert laga restriksjonar som set avgrensingar på deira behov for ei framtidig ryddebreidde.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Linja som Årdal Energi Nett gjev innspel på går parallelt, om lag 10,5 meter, frå vernegrensa i vest. I våre databasar har det ikkje vore informasjon knytt til denne linja, så vi har rekna den som nedlagt/ute av drift. Ettersom NVE i oppstartsfasen gav tilbakemelding om at det truleg ikkje eksisterer konfliktar mellom oppretting av verneområdet og interesser knytt til energi- og nettanlegg, har vi ikkje tidlegare lagt inn formuleringar knytt til drift, vedlikehald og ev utviding av linjeanlegget.

På bakgrunn av innspelet frå Årdal Energi Nett AS har vi utvida forskrifta ved å inkludere standardformuleringar for slike anlegg i og inntil verneområde. Erfaringsmessig frå tidlegare saker ser vi at det kjem innspel på å inkludere disse standardiserte vernereglane for kraftlinjer sjølv om kraftlinja ligg fleire meter utanfor vernegrensa. Brevet frå Årdal Energi Nett AS har ikkje NVE på kopilista, og erfaringsmessig ser vi at NVE er gode til å følge opp at forskrifta inkluderer dei standardiserte formuleringane om kraftlinjer i forskrifta.

I § 4 om generelle unntak frå vernereglane har vi lagt inn to nye punkt:

*j) Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i eller inntil verneområdet.*

*k) Oppgradering eller fornying av kraftlinjer for heving av spenningsnivå og auke linetverrsnittet når tiltaket ikkje skadar verneverdiane i verneføremålet nemneverdig.*

I § 6 om generelle unntak frå ferdselsreglane har vi lagt til følgjande formulering om motorisert ferdsel i samband med akutt utfall:

*d) Naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.*

I § 7 om spesifiserte dispensasjonsreglar har vi lagt inn følgjande formulering om dispensasjon etter søknad:

*h) Oppgradering og fornying av kraftlinjer som ikkje fell inn under § 4.*

*i) Naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.*

Etter innspelet frå Årdal Energi Nett as justerer vi også vernegrensa med ein halv meter, slik at ryddebeltet på 11 meter går i flukt med vernegrensa, og ikkje ein halv meter innanfor. Endringa blir ikkje synleg på vernekartet, men vil være tydeleg i offisielle kartdatabasar, som i Naturbase.

Norsk Bergindustri skriv til både oppstart og høyring at det er svært viktig at ei verneforskrift tek omsyn til moglege framtidige geologiske drivverdige førekomstar. Dei vil at §§ 4, 6-8 tek omsyn til utvinning og tilkomst til eit eventuelt utvinningsområde.



*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Området er sjekka ut i kartdatabasar, og har ingen geologiske førekomstar registrert. Statsforvaltaren meiner at mineralutvinning med tilkomst her ikkje er tilrådeleg eller i samsvar med verneforskrifta, og vil ikkje tilrå dette i eit naturreservat som Lykkja.

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane, på vegner av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Fjordane Friluftsråd, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Norsk Ornitologisk Forening avd. Sogn og Fjordane, støtter framlegget til vern av Lykkja som er utsendt frå Statsforvaltaren. FNF skriv at vern av skog kan vere eit godt verkemiddel for å sikre biologisk mangfald og ønskjer at vern med tilhøyrande verneforskrift velkomen. FNF meiner vidare at verneforskrifta vil sikre naturverdiane samstundes som den ikkje er til hinder for skånsam bruk av området for ålmenta.

Direktoratet for mineralforvaltning (oppstart og høyring) kan ikkje sjå at det føreslegne verneområdet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, berggrettar eller masseuttak i drift. Dei har såleis ingen merknadar til det konkrete verneframlegget.

Norges Orienteringsforbund gjer oss merksame på Norsk Friluftsliv sitt brev til Miljødirektoratet om framlegg til endringar i forskriftsmal for naturreservat. Organisasjonen ber såleis om at orientering blir tillate i verneområda.

*Kommentar frå Statsforvaltaren:*

Vi er kjent med at Norsk Orienteringsforbund er i dialog med Miljødirektoratet om bruk av standardiserte verneforskrifter og regulering av arrangement som orienteringsløp i naturreservat. Dersom det kjem nye føringar frå Miljødirektoratet om innhald i verneforskrifter skal vi også oppdatere våre maler for verneforskrifter der det er aktuelt. Det er ikkje forbod mot organisert ferdsle i Lykkja, og det er stiar som kan haldast ved like. Det er også opna for å søkje om dispensasjon til å rydde nye stiar og setje opp turpostar. Forskrifta hindrar større arrangement i Lykkja, men det er langt betre eigna område enn Lykkja for slike tilstellingar, då området er bratt og rasfarleg.

Statens vegvesen, Havforskningsinstituttet og Forsvarsbygg har ingen vesentleg merknader.

## **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Etablering av Lykkja naturreservat i Årdal kommune vil sikre naturmangfaldet i dette området mot fysiske inngrep, jf. naturmangfaldlova § 8. Det har sær positiv betydning for artsmangfaldet her, ettersom fysiske arealinngrep er dokumentert å vere det største trugsmålet mot naturmangfald både globalt og lokalt i Norge.

Ivaretaking og vidare naturleg utvikling av naturmangfaldet i naturreservata vil også kunne fungere som ei kjelde for å styrke populasjonar av plante- og dyreartar utanfor reservatgrensene, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. Eit steinkast unna ligg Utladalen landskapsvernområde som , mellom anna, også er rik på edellauvskog og sjeldne artar.

Med bakgrunn i at vernet berre vil gje positive effektar på naturmangfaldet, vel vi å ikkje vurdere §§ 8-12 nærare (jf. rettleiar om naturmangfaldlovkap. II 2016).



## Statsforvaltaren si tilråding

Statsforvaltaren i Vestland tilrår oppretting av naturreservatet Lykkja i Årdal kommune. Vernekart og verneforskrifter ligg ved.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Solveig Kalvø Roald  
fung. seksjonsleiar naturmangfald

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Verneforskrift for Lykkja naturreservat\_tilråding
- 2 Vernekart Lykkja naturreservat\_tilråding





## Kopi til:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
MYRBAKKEN SEVERIN	SVENDSTU OPPHUS	2450	RENA
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavs plass	0130	OSLO
Sabima	Mariboës gate 8	0183	OSLO
STIFTINGA UTLADALEN NATURHUS	Postboks 28	6882	ØVRE ÅRDAL
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Det norske skogselskap			
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
ÅRDAL ENERGI NETT AS	Utladalsvegen 1	6884	ØVRE ÅRDAL
Årdal turlag			
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Mary Helene Moe	Ullevålsveien 65	0454	OSLO



NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Norsk Orientering			
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Årdal Energi Nett AS			
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO